



Universitetet  
i Stavanger

UNDERCOVERJOURNALISTIKK  
GJENNOM 100 ÅR

Forandringer i undercoverjournalistiske  
problemstillinger over hundre år, illustrert gjennom  
tre viktige verk

Bacheloroppgåve

Journalistikk

8012 Ord

Thomas Klakegg

Universitetet i Stavanger

# Forside

## Bacheloroppgave

**Studieprogram: Journalistikk**

**Opptaksår: 2019**

**Er oppgaven konfidensiell? (skriv X) NEI: x JA: \_\_\_\_\_**

**Kan oppgaven benyttes til undervisningsformål (anonymt)? JA: x  
NEI: \_\_\_\_\_**

**Forfatter(e)**

<b>Studentnr (6 siffrer)</b>	<b>Navn:</b>
<b>226875</b>	<b>Thomas Klakegg</b>

**Oppgavens tittel:**

**UNDERCOVERJOURNALISTIKK GJENNOM 100 ÅR**

---

Forandringer i undercoverjournalistiske problemstillinger over hundre år, illustrert  
gjennom tre viktige verk

---

**Veileder: Terje Hillesund**

## Innhold

0.0	Abstrakt .....	2
1.0	Introduksjon .....	3
1.1	Undercoverjournalistikkens etikk.....	4
2.0	Metode .....	5
3.0	Tre undercoverjournalistiske verk.....	7
3.1	En Piga bland Pigor .....	8
3.2	Aller Nederst.....	10
3.3	Griseindustriens Hemmeligheter .....	14
4.0	Forandringar på 100 år.....	16
4.1	Klar for debatt .....	16
4.2	Å finne løysingar .....	19
4.3	Meir etikk no .....	20
5.0	Konklusjon .....	21
6.0	Kjelder.....	22

# Undercoverjournalistikk gjennom 100 år

Forandringar i undercoverjournalistiske problemstillingar over hundre år, illustrert gjennom tre viktige verk

## 0.0 Abstrakt

Undercoverjournalistikk er ein sjanger som får mykje merksemd når den blir brukt, og enkelte ting går igjen i verk basert på denne journalistikken. Hovudelementet er at journalisten brukar falsk identitet for å finne ut ting dei ikkje ville klar hadde det opptredd som journalistar i arbeid.

I denne oppgåva analyserer eg tre verk som er basert på funn henta inn gjennom undercoverjournalistikk; *Griseindustriens Hemmeligheter*, *En Piga bland Pigor*, og *Aller Nederst*.

Hovudanalysen går på korleis denne forma for journalistikk har endra seg dei siste hundre åra, representert i dei tre verka. Innhentinga av data og gjennomføringa av journalistikken har endra seg, korleis funna blir presentert har endra seg, korleis folk ser på stoffet ein finn har endra seg, og ikkje minst har dei etiske problemstillingane knyta til journalistikken endra seg.

Sekundæranalysen går på sluttprodukta sin kvalitet. Korleis verka blir mottatt blir påverka av kvaliteten; er det høg kvalitet vil fleire lese eller sjå verket, og den viktige journalistikken du har gjennomført vil nå ut til fleire folk. På den måten er det større sjanse for å klare å forandre ting innanfor området ein har undersøkt.

Avslutningsvis ser eg på forskjellige liknadar og skilnader mellom verka for å kunne sjå eit mønster av korleis undercoverjournalistikken som heilheit har endra seg. I den seksjonen vendar prøvar eg å sjå meir vidt på verka for å finne trendar, heller enn å finne element i kvart enkelt verk.

## 1.0 Introduksjon

I 2019 publiserte NRK Brennpunkt dokumentaren *Griseindustriens Hemmeligheter*, der Norunn Haugen viste eit sjokkert publikum korleis livsvilkåra for grisane på fleire norske gardar var. Det fekk mykje merksemd, og førte til både kriminalsaker og krav om forandring. For å vise korleis det verkeleg var på desse gardane gjekk Haugen undercover som arbeidar i over fem år, med skjulte kamera og mikrofonar, på fleire forskjellige gardar i Noreg. Men ho er langt frå den første som går undercover for å avdekke kritikkverdige forhold.

Faktisk er dette ein utbreidd nok metode til at det har sitt eige punkt i vår varsamplakaten (Frå no av omtala som VVP): Punkt nummer 3.10 seier nemleg «Skjult kamera/mikrofon eller falsk identitet skal berre brukast i unntakstilfelle. Føresetnaden må vere at dette er einaste utvegen for å avdekkje forhold som har vesentleg samfunnsinteresse» (Presseforbundet 2020).

I denne oppgåva vil eg gjennom ein analyse av tre undercoverjournalistiske verk undersøke korleis undercoverjournalistikk har forandra seg dei siste hundre åra. Eg vil sjå på korleis produksjonsprosessen og publiseringsprosessen er, etiske problemstillingar, korleis folk tar i mot verka, og korleis reaksjonane er.

Norunn Haugen ville sikre betre levevilkår for grisane på norske gardar, og meinte at den einaste måten å avdekke misleghaldet var ved å gå undercover. Men allereie for over 100 år sidan gjekk journalistar undercover for å dokumentere ting dei såg som uholdbart for eit sivilisert samfunn. Eit eksempel på dette er Ester Blenda Nordström som gjekk undercover på ein bondegard for å illustrere for folk korleis gardspikene hadde det i boka *En Piga bland Pigor*.

Mest kjent for denne måten å arbeide på er sannsynlegvis mannen som har gitt sjangeren eit namn: Günther Wallraff. Han har dei siste tiåra ei rekkje gonger gått undercover

i journalistikkens namn; eit av dei resulterte i boka *Aller Nederst*. I den går han undercover som tyrkisk framandarbeidar i Tyskland for å vise kor harde liva deira er.

Desse tre verka, *Griseindustriens hemmeligheter*, *En Piga bland Pigor*, og *Aller Nederst*, vil utgjere grunnlaget for denne oppgåva. Eg vil også nemne at TV-dokumentaren *Griseindustriens Hemmeligheter* blei følgd av ein skriftleg dokumentar på NRK sine nettsider, men eg har valt å fokusere på TV-dokumentaren fordi det var hovudverket i rekka av relaterte utgivingar NRK hadde.

## 1.1 Undercoverjournalistikkens etikk

Det er ein del etiske problemstillingar som er viktige å vurdere når ein har med undercover-journalistikk å gjere. Dette kjem veldig klart fram gjennom heile kapittel 3 i VVP. Mellom anna seier punkt 3.3 at «det er god presseskikk å klargjere premissane i kontakten med kjelder» (Presseforbundet, 2020). Om ein journalist er undercover så vil det vere umogleg å klargjere premissane ovanfor kjelda; grunnen til at ein går undercover er i utgangspunktet å halde kjelda i mørket på dette området. Derfor er også punkt 3.10 viktig, og det seiar at denne journalistikken kan gjerast om det er den «einaste utvegen for å avdekkje forhold som har vesentleg samfunnsinteresse» (Presseforbundet, 2020).

Sjølv om Gunter Wallraff begynte arbeidet sitt fleire tiår etter Nordström har han fått æra av å få sjangeren kalla opp etter seg. Men i boka *Etikk for journalister* presiserer journalist-etikar Svein Brurås at det ikkje berre er konseptet å gå undercover med falsk identitet som er Wallraffing; han meiner det må meir til for å kunne kallast Wallraffing.

“Wallraffs virksomhet er kjennetegnet av et grundig og omfattende granskingsarbeid. Han ville avdekke sammenhenger og gi forklaringer, og gjennomførte derfor langvarige og inngående undersøkelser» (s 199, Brurås, 2014).

Ein kan altså ikkje berre gi eit anna namn enn sitt eige og kalle det for Wallraffing.

Undercoverjournalistikk og Wallraffing inneber planlegging og undersøking på førehand, det krevjar at journalisten sett seg inn i problemstillinga og har gode grunnar på førehand for kvifor dei går undercover.

Brurås dedikerer eit heilt underkapittel i *Etikk for Journalister* til undercoverjournalistikk, og understrekar spesielt viktigeita av at media ikkje bruker desse

metodane for mykje. Han skriv at Wallraffs metodar tiltrekker seg like mykje merksemd som det han avdekkjer, noko me òg ser i reaksjonane etter *Griseindustriens Hemmeligheter*, og at utstrekt bruk vil belaste tilliten mellom media og publikum. (s. 201, Brurås, 2014)

I tillegg meiner Brurås samtidig imøtegang er viktig også her. Han skriv at det er viktig at personen ein har observert i skjul må bli gjort merksam på dette og få moglegheit til å kommentere umiddelbart. (s. 201, Brurås, 2014) Avslutningsvis konkluderer Brurås med at metoden helst ikkje skal brukast:

“Alle parter er nok best tjent med at pressen fortsatt utøver sin virksomhet i full åpenhet, og at rollene er klare både for journalisten og kildene. Både publikum og kilder skal kunne ha tillit til at vi som journalister spiller med åpne kort» (s.201, Brurås, 2014).

## 2.0 Metode

Hovudsakleg er denne oppgåva ei tekstanalyse/tv-dokumentaranalyse, der eg ser på dei tre verka og analyserer korleis dei er forskjellige frå kvarandre og på kva måtar dei liknar. Det vil hovudsakleg vere ei helhetsanalyse; ei delanalyse er problematisk fordi det er usikkert kor representativt dei delane ein veljar er for det ein undersøker. Under ei helhetsanalyse, derimot, går ein gjennom heile teksten og veljar sidan utdrag som er representative for det totale inntrykket teksten gir (s. 210, Halvorsen, 2008). Samtidig blir det ei delanalyse av dei utdraga eg har valt ut, der eg går i djupna på kva dei fortel oss om journalistikken og verka i seg sjølve.

Målet med oppgåva er altså å belyse utviklinga innanfor ein spesifikk undersjanger av journalistikk gjennom hundre år. Eg har velt ein forskingsstrategi med få undersøkingseiningar, men der eg går i djupna på kvar av dei; på den måten vil eg danne ei fullstendig forståing av korleis sjangeren har utvikla seg (s. 129-130, Halvorsen, 2008). Derfor tar eg utgangspunkt i tre verk utgitt over ein tidsperiode på hundre år. Eg gjer ei helhetsanalyse av verka eg undersøker, men utveljinga av kjelder ber preg av å vere delanalytisk; fordi eg berre har tre primærkjelder er det vanskeleg å seie kor representative dei er for sjangeren som heilheit. Hadde målet vore å få eit heilt representativt bilete av utviklinga måtte eg tatt for meg mange fleire verk med færre variablar (s. 130, Halvorsen, 2008).

Ein av grunnane til at eg har valt å undersøke tre verk i djupna for å få eit fullstendig inntrykk heller enn å prøve å finne den generelle, representative utviklinga der eg ser på

mange verk meir overflatisk er ressursane det krevjar. Å skulle gå gjennom nok verk til at det blir representativt ville tatt meir tid og enn eg har på ei oppgåve som skal skrivast på 5 månader, og dermed falt valet på det meir fullstendige fokuset i denne oppgåva.

Litt av fokuset vil òg vere på sjølve utgivingsprosessen av verka og korleis desse har blitt mottatt. Sidan det er journalistiske verk det er snakk om er verknaden det har hatt på samfunnet veldig viktig, for journalistikken har ein funksjon utover å berre fordrive tid; den skal peike på og kritisere ting som er problematiske, og reaksjonane ein får illustrerer gjerne kor godt ein har lykkast.

I kapittel 3 vil eg ta for meg kvar av verka ein etter ein og kontekstualisere dei, fortelje litt om inntrykk ein får når ein konsumerer dei, samtidig som det vil vere enkelte samanlikningar allereie her.

Kapittel 3 vil både handle om sjølve verket, men òg laginga av verket, om skaparen, motivasjonen deira då dei gjennomførte prosjekta sine, og litt om kva som var måla deira. Dette er viktig for å sette det skikkeleg inn i kontekst; eit journalistisk verk eksisterer aldri åleine, men er ein del av ei samtid og ei historie som varar både før og etter skapinga av verket. Dette gjer at alle desse tinga er relevante for å kontekstualisere dei.

Utover dette vil eg leggje vekt på korleis verka har blitt publisert, og analysere korleis det har påverka verknaden av dei. Eg vil gå inn på kvifor det er relevant korleis ting blir publisert i journalistikken, og korleis dei tre verka sine skaparar har løyst det. Samtidig som eg går gjennom kvart verk vil eg også samanlikne det med kvarandre; å sjå dei i samheng allereie i den begynnande analysen vil gjere det klarare når eg skal trekke dei større linjene seinare.

I kapittel 4 vil eg gå vekk frå verka som individuelle verk, og heller sjå etter dei store linjene. Er det noko som går igjen i alle tre? Er det viktige punkter der dei er forskjellige? Dette kapittelet er det viktigaste, og det er her eg vil sjå på korleis utviklinga av sjangeren har vore. Gjennom å samanlikne dei tre markante verka vil ein kunne sjå korleis dei etiske problemstillingane knyta til undercover-journalistikk har utvikla seg, ein vil kunne sjå kor mykje skaparen av verka legg av seg sjølv inn i verka, og ein vil sjå korleis kvart verk blir påverka av tida dei blir laga i.

Til felles har dei tre skaparane, Nordström, Wallraff og Haugen, at dei er deltakarar i verka sine. Dei går ikkje undercover for å observere, men for å leve dei liva dei skal beskrive i sine respektive verk. Dette gjer at dei er naturlege å samanlikne, sjølv om Haugen begynte sitt prosjekt 100 år etter at Nordström fullførte sitt. Det at verka er såpass like i stilen gjer òg at

det er eit godt samanlikningsgrunnlag mellom dei, noko som gjer utviklinga meir synleg. Dette er grunnen til at eg har valt nettopp desse.

I arbeidet med denne oppgåva har eg berre jobba kvalitativt; fordi det hovudsakleg er ein analyse og samanlikning av tre journalistiske verk er det ikkje nødvendig eller relevant å bruke kvantitativ metode i denne oppgåva.

Hovudperspektivet mitt i analysen er journalistisk: Det viktigaste elementet i alle desse tre verka er korleis dei fungerer som journalistikk. Dermed vil eg analysere både måten det journalistiske arbeidet er gjort både i førebuingssfasen, medan journalisten er undercover, og i etterkant, forskjellige aspektar ved publiseringa av verka, og etikken i framgangsmåten til journalistane.

Samtidig har eg eit andreperspektiv som er den litterære/filmatiske kvaliteten på verka. Sjølv om det er det journalistiske som er viktigast, er også sjølve framføringa av funna viktige for at dei skal ha relevans. Journalistikk er berre relevant om den blir konsumert av folk, og om den litterære eller filmatiske kvaliteten er for dårleg vil det vere meir utilgjengeleg for vanlege folk, noko som til sjuande og sist går ut over den journalistiske kvaliteten. Eg meiner altså at den litterære kvaliteten på dei skriftlege og den filmatiske kvaliteten på TV-dokumentaren er ein del av det journalistiske ved verka.

Til sist vil eg gjere reie for kvifor eg har valt å fokusere på to bøker og ein TV-dokumentar. Ved første augekast kan det late til å vere som å samanlikne eple og banane då det er to ulike medium. Eg meiner likevel at alle verka er relevante i denne samanhengen fordi det hovudsakleg er det journalistiske arbeidet eg analyserer, og ikkje verka som individuelle verk uavhengig av funksjon. Eg meiner at om TV-dokumentaren *Griseindustriens Hemmeligheter* hadde blitt publisert i skrive format hadde den kunne fått same verknaden gjennom den same plattform, ettersom NRK er ein multimedial plattform. Eg meiner altså at det at det er ein TV-dokumentar ikkje skilar den *journalistisk* frå dei to andre, sjølv om den skilar seg i sjølve presentasjonen av dei journalistiske funna.

### 3.0 Tre undercoverjournalistiske verk

I dette kapitlet vil eg etter tur gå gjennom dei tre verka, bøkene *En piga bland pigor*, *Aller nederst*, og TV-dokumentaren *Griseindustriens hemmeligheter*. Eg vil analysere dei hovudsakleg som journalistiske verk, men eg vil òg komme inn på korleis dei fungerer som litterære eller filmatiske verk, fordi det påverkar korleis folk tar i mot journalistikken som blir presentert.

Til slutt vil eg kort presentere nokre skilnadar og liknadar mellom dei tre verka som er relevante før det fjerde kapittelet.

### 3.1 En Piga bland Pigor

*En Piga bland Pigor* er det eldste verket eg vil analysere i denne oppgåva, og det er ei reportasjebok skrive av svenske Ester Blenda Nordström tidleg på 1900-talet. Det var i 1914 Nordström gjekk undercover på ein gard i Sverige som vårt nabolands første undercover-journalist. Målet med arbeidet hennar var å belyse korleis gardspiker hadde det, og Nordström meinte den beste måten å gjere det på var å ta seg jobb som gardspike sjølv.

I boka beskriver Nordström liva til gardspikene i detalj, eksemplifisert med den perioden ho var der. Ho fortel om ein bonde som gjorde lite eller ingenting medan gardspikene arbeida 16 timar kvar dag. Ho illustrerer eit hierarki der bonden som øvste leiar gjer lite, gardsgutane gjer mykje, men som menn slepp dei framleis å ha like lange dagar som tenestepikane. Dei må stå opp og lage frukost innan gardsgutane står opp, og må rydde opp etter kveldsmaten, så følgeleg er dagen deira lengre enn nokon andre på garden sin.

Nordström beskriver eit klasseskilje mellom landeigar-bonden som har formue, og tenarskapet hans. Tenarskapet går på dans kvar laurdag og drøymmer om eit liv med fridom frå arbeidet, men seier sjølv at det ikkje er nokon reel sannsynleg veg til rikdom for dei. Nordström spør den andre gardspikeren Anna om ho trur hennar utkåra, Anders, nokosinne vil få seg ein eigen gard, og dermed bli landeigar. Anna er ikkje i tvil då hu svarar på det spørsmålet:

«Nej, egen gård kan han la allri skaffa sej, men en bra statplats kan han få.  
Och statfolk ha 'et bra må tro. Arbete ä de förstås, men en slipper  
teminstingen oro för brödfödan» (s. 109, Nordström, 1914).

Anna ser for seg ei lettare framtid, men draumeframtida ser dei ikkje som noko anna enn berre ein draum.

Ein annan ting Nordström belyser er kvinnekamp, eller mangelen på det i desse små samfunna. Ho beskriver eit samfunn der kvinnene får dei verste jobbane, dei lengste arbeidsdagane, og generelt blir prioritert sist. I tillegg er kvinnekamp så langt frå tankane deira at gardspika Anna blir tydeleg overraska då ho høyrer om at det finst folk som meiner kvinner bør ha stemmerett. Dette visar også kor avkutta frå samfunnet gardspikene blei då dei jobba 16 timar i døgnet og levde og ånda for gardsdrifta. Det kan ein sjå mellom anna i dette sitatet:

«Tidens frågor hadde ingen som helst betydelse för Anna – hon visste inte mer vad som skedde ute i världen än om hon levde på en obedd ö i norra Ishavet, och vad Kvinnoaken beträffar, så visste hon inte om att ett sådant ord existerade en gång. Aldri i livet hade hon funderat över rösträtt eller likställighet med mannen, det låg något så komplett omöjligt i blotta tanken härpå att jag hade mycket och stort besvär innan hon ens begrep att det fanns kvinnor som kämpade för något så gålet» (s. 107, Nordström, 1914).

Dette var Sveriges første eksempel på undercoverjournalistikk, og i verda generelt var dette veldig lite utbreia på dette tidspunktet. Dermed var det lite konsensus om presseetikken rundt problemstillinga på den tida; det var ikkje noko ein hadde måtte ta stilling til enda. Men allereie på første side kjem det fram at Nordström sjølv meiner det berre er ved å gå der som ein av gardspikene sjølv ho kan forstå og rettferdige skildre korleis tilværet er for dei. Ho skriv:

«... deras semvetsgranna, tysta slit som ingen som inte prövat det vet något om, som ingen någonsin kommer att förstå och uppskatta förrän han själv varit med om det – som en av dem» (s. 2, Nordström, 1914).

Nettopp dette at det berre er gjennom å gå undercover at ein kan få innsyn i korleis ting verkeleg er, er noko me i dag ser på som eit naudsyn for at det i det heile tatt skal vere akseptabelt å gjere journalistikk på den måten. Me ser at sjølv om det ikkje var noko utprega krav om det på den tida var det allereie då ein undertanke hos Nordström at ho gjekk undercover for å få eit innsyn ho ikkje kunne få som open journalist.

Då Nordström bestemte seg for å gå undercover på ein gard hadde det vore ein debatt i Sverige om kvifor det var mangel på gardspiker i landet, skriv biograf Fatima Bremmer i Nordström-biografien *Ett jävla solsken*. Dei siste 50 åra hadde unge kvinner heller emigrert til USA enn ta jobb som gardspike i heimlandet, og det var stor mangel på gardspiker. Nordström ville finne ut kvifor det var sånn, og mangelen på gardspiker gjorde òg at det ikkje var vanskeleg å få plass; det var plenty med gardar å velje mellom då ho skulle finne seg ein arbeidsplass for ein månad. (Bremmer, 2017)

Reportasjeromanen blei i utgangspunktet publisert i episodar i Svenska Dagbladet (SD), og den første artikkelen kom ut same dag som Franz Ferdinand blei skoten i Sarajevo og det som no er kjend som første verdskrig starta. Derfor blei publiseringsplanen til Nordström og SD forstyrra, og mykje av merksemda blei stolen av hendingar som skjedde utanriks. Den første artikkelen fekk likevel mykje merksemd, og det blei ein viss debatt rundt

den; reportasjen frå garden gjorde Nordström til ein av dei mest kjende journalistane i Sverige. (Bremmer, 2017)

Eit anna interessant element å ta med seg er korleis SD introduserte den første artikkelen. For den stod ikkje for seg sjølv sånn som andre artiklar gjorde, men fekk ein eigen rubrikk skriven av redaksjonen over. Bremmer skriv at redaksjonen i SD var forberedt på reaksjonar, og at dei derfor valte å skrive ein forklarande tekst over den faktiske artikkelen. I teksten forklarar dei kvifor dei har valt å publisere ein tekst som er basert på undercoverjournalistikk, ein arbeidsmetode som fram til då ikkje eksisterte i Sverige.

Sjølv om det var ein heilt ny sjanger, eller kanskje fordi det var ein heilt ny sjanger, valte altså SD å argumentere for kvifor det var etisk korrekt av dei å publisere artikkelen. Det visar korleis truverd var viktig for journalistikken den gong, og visar eit instinkt som minner veldig om det som i dag er skriven inn i VVP.

### 3.2 *Aller Nederst*

Han kom først om lag 70 år etter Nordström, men har likevel fått æra av å bli undercoverjournalistikkens ansikt, og hans namn blir som regel brukt til å beskrive sjangeren; Günther Wallraff har utan tvil vore ein viktig del av utviklinga til den journalistiske metoden. I denne oppgåva vil eg som sagt ta utgangspunkt i hans reportasjeroman *Aller Nederst* frå 1985.

Gjennom å gå undercover ønska Wallraff å undersøke og illustrere korleis framandarbeidarar, og då spesifikt tyrkiske framandarbeidarar, hadde det i arbeidslivet i Tyskland. Gjennom ein periode gjekk Wallraff inn i rolla som Ali, tyrkisk-gresk framandarbeidar. For å ikkje bli tatt i å late som å vere tyrkisk hevda han å ha vekst opp i Hellas, men at han hadde Tyrkisk mor.

I laupet av perioden oppsøkte han situasjonar han visste ville trigge diskriminerande handlingar. Stort sett var det snakk om arbeidssituasjonar, og dei utgjer òg brorparten av boka. Spedd inn er andre situasjonar, mellom anna såg han Vest-Tyskland spele fotball-landskamp mot Tyrkia live på stadion, og stilte seg med ny-nazistiske tyske fans; det var ein situasjon han visste ville skape innhald til boka, og dette blei såpass farleg at han utan hell prøvde å bryte rolla si for sin eigen tryggleik.

At dette er noko ein kan forvente at skal skje anerkjenner til og med Wallraff sjølv i dette sitatet:

“Fra tid til annen bryter hatet mot fremmedarbeiderne åpent ut. Det skjer nesten regelmessig under landskamper i fotball» (s. 18, Wallraff, 1985)

Her har han på førehand gjort research for å finne situasjonar som er relevante for historia han vil fortelje, og som han sjølv meiner er viktige aspektar av saka. Dette er ein av situasjonane som visar kor nøye Wallraff var i førebuingane, og illustrerer kor mykje arbeid han la i undercoverjournalistikken sin. Alt er planlagt på førehand for å illustrere saka så godt som mogleg.

I tillegg til å gå på landskampar der han visste framandhatet ville blusse opp, meldte han seg som menneskeleg forsøksperson for eit apotek-firma, og prøvde å konvertere frå islam til kristendommen. Begge to er situasjonar han gjennom forarbeid hadde funne ut kunne vere relevante for reportasjen.

På enkelte områder er det store forskjellar på Nordström si bok og Wallraff si bok. Der Nordström valte ein situasjon og ein stad, gjorde Wallraff nett det motsette; han oppsøkte fleire arbeidsplassar, situasjonar, og stadar for å vise at diskrimineringa var systematisk og ikkje enkelthendingar.

I mine auge er dette ein av Wallraff sine styrker; det at han, som Ali, blir møtt med hat og diskriminering på så mange forskjellige stader og i så mange ulike situasjonar beviser at dette var eit reelt problem i det tyske samfunnet. Nordström beviser i utgangspunktet ikkje anna enn at tilstanden er som beskrive på denne eine garden. Wallraff viser korleis samfunnet som heilheit møter framandarbeidarar.

Samtidig er dette ein av svakheitene i *Aller Nederst* som litterært verk. Den fortel så mange historier, og kjem aldri verkeleg i djupna på dei. Det næraste ein kjem er arbeidet han gjorde som leiarbeider for Thyssen, gjennom Adler, ein tysk menneskehandlar. Men den òg skrapar berre overflata; i Nordström si bok blir me kjent med folka i større grad, mens Wallraff si bok verkar meir som raske referat av hendingane.

Det latar rett og slett som om Wallraff ikkje visste kva historie han ville fortelje, så i stedet fortalte han fleire forskjellige. Nordström, til samanlikning, visste godt kva historie ho skulle fortelje; det ho mistar i perspektiv og nyanse får ho igjen i litterær kvalitet. Som journalistisk verk vil eg likevel påstå at Wallraff kjem sterkast ut på dette punktet.

Ein ting som forstyrrar journalistikken til Wallraff, derimot, er nokre av vala han tar undervegs. Ein kan ta fotballkampen han gjekk på som eit eksempel. Det vil ikkje vere overraskande at uttalte ny-nazistar vil reagere på å ha ein tyrkar bland dei i ein landskamp mot Tyrkia. Ei heller er desse ny-nazistane nødvendigvis representative for den generelle tyske befolkninga. Han beskriv korleis kampen utarta seg på tribunen:

“Jeg kom inn i en gjeng med unge tyske nynazister. (...) De fleste har åpne, sympatiske ansikter. Men i denne mengden ble de til hatefulle masker. Skjelvende måtte jeg der og da for første og siste gang fornekte meg som tyrker. Jeg ga til og med opp min hakkende snakkemåte og snakket høytysk ed fanatiske fotball-fans. Likevel tok de meg for å være fremmedarbeider. De kastet sigaretter i håret mitt og helte øl over hodet mitt. (...) Det blir brølt ‘Sieg Heil’, ‘død over de røde’ og uten stans roper de ‘Tyrkere ut av landet vårt, Tyskland for Tyskere’» (s. 18, Wallraff, 1985)

I det tilfellet ville det, etter mi mening, vere eit mykje sterkare journalistisk trekk å sitte blant den alminnelege tyskar. På den måten kunne han sett om desse haldningane var vanlege hos tyskarar generelt, heller enn å berre bekrefte ting ein allereie kunne anta basert på nynazistanes ideologi.

Det latar til at han ikkje sette seg med desse nynazistane med vilje, men er det konstruktivt å ta det med i boka når det ikkje er representativt for den generelle tyske befolkninga? Ein kan argumentere med at det at folk tør å vere så opent framandfiendtlege visar eit problem med samfunnet i Tyskland generelt. På den andre sida er det tydeleg at han sjølv er redd i denne situasjonen; då er det nærliggjande å tru at vennlegsinna folk rundt han også er for redde til å gripe inn.

Elles er det nokre historier han veljar å ta med som tar opp problematiske sider ved samfunnet, men som ikkje nødvendigvis er relevante i framandarbeidar-samanhengen. Dette gjeld blant anna då han var ein prøveperson for eit farmasøytifirma. Han skriv rett ut at ytst få tyrkarar gjorde det lengre, og då han er der er det stort sett berre heimlause eller arbeidsledige tyskarar som er der.

“I venterommet er det et par Irokese-punkere, som hører med til stamgjestene, noen utlendinger med meget sydlandsk utseende og en del arbeidsløse ungdommer. I tillegg to fra jernbanestasjonmiljøet, hvorav den ene lukter av billig sprit. (...) Han forteller at det tidligere var mange flere tyrkere blant forsøkspersonene. Men mange av dem hadde reist tilbake til Tyrkia den siste tida. (...) Det finnes dem som på provisjonsbasis hyrer arbeidsløse og bostedsløse, folk i nød, til forsøk» (s. 133-136, Wallraff, 1985)

Her er det tydeleg at dette ikkje er eit problem spesifikt for framandarbeidarar. Det kan vere tydeleg at forsøk på menneske er problematisk, men all den tid dette gjeld vel så mange vanlege tyskarar, er det relevant i denne boka? Wallraff veljar å ta med denne historia trass i at den eigentleg har lite med framandarbeidarar spesifikt å gjere; det kjenst litt som om han

har funne fram situasjonar på førehand som kan vere relevante, og tatt alle med uavhengig av om det er spesifikt relevant for historia han prøvar å fortelje.

Dette er ein stor svakheit i dette verket; det er tydeleg at Wallraff har gjort mange undersøkingar på førehand for å finne relevante situasjonar å setje seg sjølv i, men når han veljar å inkludere dei tinga som ikkje eigentleg er relevante verkar det meir som han har bestemt seg for kva han skal finne ut på førehand, heller enn å fortelje kva han finner ut undervegs.

Det er litterære problemstillingar når det gjeld denne boka òg. For eksempel blir det veldig forstyrrende at kvar gang han referer til seg sjølv, presiserer han i parentes at det er Ali-sjølvet. Ofte skjer dette fleire gonger på kort tid, noko som forstyrrar flyten i teksten, som i dette sitatet:

Da jeg (Ali) går forbi ham igjen, sier han triumferende: 'Dere skal sannelig få merke at dere ikke har noe her å gjøre.' Senere en gang oppdager jeg ham på doen mens han skriver med filtpenn på veggen: 'Død over alle tyr...' Da jeg (Ali) forsøker å få en forklaring, spyttter han foran bena på meg og går ut av brakka uten å fullføre sitt verk» (s. 38, Wallraff, 1985).

I utgangspunktet er denne anekdoten veldig effektiv for å fortelje korleis framandarbeidarane blir møtt av tyskarar i det daglege, men når han bryter opp forteljinga for å presisere at det er Ali som snakkar fleire gonger er det forstyrrende for det han prøvar å fortelje. Dette påverkar ikkje den journalistiske kvaliteten på arbeidet til Wallraff; anekdoten fungerer som sagt utmerka til å illustrere det Wallraff vil fram til. Den litterære kvaliteten, derimot, blir veldig forringa av dette.

Det som hemmar den journalistiske kvaliteten av dette verket mest er det som skjer heilt på slutten. Der velar Wallraff å avslutte sine to år undercover gjennom ei dramatisert iscenesetting der folk er involverte som skodespelarar. Der spelar dei ut eit scenario framfor Wallraff sin sjef for å forklare kvifor han forsvinn frå jobben, og Wallraff lar «Ali» bli arrestert av ein skodespelar som latar som han er politi, som ei avslutning på undercover-researchen sin (Wallraff, 1985) Å ta inn noko som er så nært fiksjonens verd i ei bok som skal fungere som eit journalistisk verk påverkar truverdet til Wallraff negativt.

Å introdusere fiksjon i boka gjer at ein umiddelbart lurar på om det er andre ting som ikkje er reelle i boka, om det er ting han har overdrive eller haldt skjult. Journalistikk er ingenting utan truverd, og her skadar Wallraff sitt eige truverd gjennom måten han avsluttar historia på.

### 3.3 Griseindustriens Hemmeligheter

105 år etter at Nordström såg ein gris bli slakta og sidan skreiv om det, blei dokumentaren *Griseindustriens Hemmeligheter* sendt på NRK som ein del av dokumentarserien *Brennpunkt*. Det skjedde etter at lærer Norunn Haugen hadde, over ein femårsperiode, gått undercover på en del forskjellige grisegardar rundt om i landet, med skjult kamera og mikrofon for å ta opp det ho såg.

I motsetnad til Nordström, som var ein kort periode på garden, jobba Haugen på forskjellige gardar over heile landet i fem år. Gjennom jobben som lærar snakka ho ofte med elevane sine om gardsdrift i Noreg, og funderte på kvifor det var så mykje fokus på kor bra norske gardar var for dyra. Tidleg i dokumentaren referer ho både til barnebøker ho møtte som lærar, på reklamar på TV og internett for norsk mat og norske bondegardar, og generelt til måten vanlege folk omtalar norsk gardsdrift.

Då ho tok kontakt med folk i griseindustrien og bad om å få komme og sjå korleis ting fungerte så blei ho avvist gang på gang. Dermed konkluderte ho med at den einaste måten å få sjå korleis ting faktisk var på desse gardane er gjennom å gå undercover. ("Brennpunkt: Griseindustriens Hemmeligheter", 2019)

I laupet av dei fem åra skapte ho seg fleire forskjellige identitetar som hadde ulike grunnar til å skulle få komme på gard og lære, og det viste seg fort at ein lærevillig elev fekk innsyn ein journalist aldri ville få. Fleire gonger uttaler bøndene at om mattilsynet hadde sett det ho nett hadde sett hadde dei stengt garden; dette ville aldri skjedd om dei visste dei blei filma og at det var ein dokumentarskapar blant dei.

Dokumentaren blei vist på NRK Brennpunkt i 2019, og blei umiddelbart følgd av ein debatt om grisene sine levevilkår. Det blei kriminalsaker mot fleire av bøndene for dyremishandling, og framstillinga norsk griseindustri, politikarar og TV-reklamar ga av norske grisegardar blei plutselig studert med lupe. Det blei også følgd opp med ein skriftleg dokumentar i NRK si nettavis nokre dagar etterpå, noko som styrka verket sin fleirmedialitet.

Ein av styrkane til *Griseindustriens Hemmeligheter* er kvaliteten på dokumentaren. Der Wallraff si bok blir tung å lese nådde Haugen sin dokumentar ut til store delar av det norske folk. Her blir nok Haugen hjelpt veldig på veg av at det var NRK sin dokumentaravdeling saman med produksjonsfirmaet Piraya film som klippa opptaka hennar til ein dokumentar ("Brennpunkt: Griseindustriens Hemmeligheter", 2019); dei veit allereie kva som fungerer og ikkje, og dermed blir kvaliteten betre; på den måten slår også journalistikken hardare.

Nettopp det at den blei sendt på NRK er også eit lurt trekk. Det er ein kanal alle i Noreg har tilgang på, og berre der er den mykje meir tilgjengeleg enn ei bok du må kjøpe eller private nyheitsmedium. Haugen var veldig strategisk i etterkant av sjølv opptaka, noko som gjorde at funna hennar nådde ut til veldig mange folk. Her var NRK spesielt flinke til å engasjere gjennom sosiale media, og dokumentaren blei ein snakkis i store delar av Noreg, blant folk med mange forskjellige bakgrunnar. Om journalistikken er avhengig av å nå eit publikum har Haugen og NRK i aller høgaste grad gjennomført vellykka journalistikk her.

I dokumentaren kjem ikkje bøndene som har blitt filma sjølv med sine synspunkt på det som har skjedd. Haugen følgjer VVP gjennom å presisere heilt i byrjinga at dei har blitt underretta om situasjonen og valt å ikkje stille, men det er likevel ein viss journalistisk svakheit i det.

Det skal nemnast at det er med opptak av bøndene som utan å vite det fortel om tinga dokumentaren handlar om, og deira syn på det, men det er ikkje tvil om at dokumentaren som journalistisk verk hadde stått sterkare om dei hadde uttala seg i den. Dette er derimot ikkje noko Haugen sjølv kunne gjort noko med, all den tid dei valte å ikkje kommentere.

Haugen som journalist i dette tilfelle må heller krediterast for forsøket på å kontakte dem i ettertid for å få dem med i verket; den delen av journalistikken glimrar med sitt fråvær i Wallraff sin *Aller Nederst*. Han avsluttar med eit drama han sjølv har iscenesett der han (Ali) blir arrestert, og Adler kommer seg unna, og brått er det avslutta. Samtidig har dei Wallraff har undersøkt komme til gjennom kommentarar dei gir undervegs i sjølv verket, men utan at dei veit at dei er midt i ein journalistisk prosess.

Heller ikkje Nordström gjer noko for å få bøndene sine stemmar med i sitt verk. Der avsluttar boka i det ho avsluttar tenesta hos bonden, og Nordström er nok den som gjer det svakast på dette området; Wallraff siterar flittig dei han observerer så stemmane deira blir høyrd, på godt og vondt. Nordström har knapt eit sitat frå dei, men lar i staden gardspikene og gardsgutane fortele heile historia. Det næraste Nordström kom eit samtidig tilsvar var ei bok bonden sjølv skreiv som motbok same hausten som hennar artiklar kom i bokform.

Ein ting Haugen og NRK i aller høgaste grad oppnår gjennom denne dokumentaren er å skape reaksjonar hos folk. Dei er til tider veldig grafiske i framstillingane, og til eksempel usensurerte klipp av at grisar blei kastret utan bedøving skapte kvalme hos det norske folk; reaksjonane dette skapte var ikkje overraskande, og her har NRK og Haugen bevisst spelt på kjenslelivet til sjåaren gjennom å vise ting som er vonde og ubehagelege å sjå på. Dei visste at dette ville føre til enda meir engasjement hos sjåaren, og dermed ville det journalistiske i større grad nå ut til befolkninga.

Det at dokumentaren er såpass kort er også ein fordel; om noko er den framleis litt lengre og meir repeterande enn den treng å vere, og det blir veldig mange klipp av Haugen som ser på ein bonde handtere grisar utan at det automatisk betyr at det gjer verket sterkare.

## 4.0 Forandringar på 100 år

Igjen står altså spørsmålet; kva kan me lære om undercoverjournalistikken og dens utvikling gjennom å analysere desse tre verka? Korleis har den forandra seg i laupet av dei om lag 100 åra som gjekk frå Nordström si reportasjebok til Haugen sin dokumentar? På kva måtar liknar desse verka, og på kva måtar er dei ulike.

Det mest synlege er jo at journalistikken no blir framført som ein TV-dokumentar og ikkje som ei reportasjebok, og reint visuelt er det veldig lett å sjå forskjellen i så måte. Samtidig kom det òg ut ein skriftleg dokumentar like etter at dokumentaren kom, så sjølv om hovudverket er ein tv-dokumentar, så kom det òg i skriftleg format. Det som kanskje er mest forteljande om forskjellen, derimot, er det som skjer umiddelbart etter visninga av *Griseindustriens Hemmeligheter*.

Trass i at den eine av desse verka er ein TV-dokumentar og dei to andre er bøker, er det nokre klare linjer mellom dei. Alle tre tok på seg ein ny identitet for å komme inn og sjå realiteten i noko som blei skjult for allmennheita; alle tre konkluderte med at dei som journalistar ikkje ville få innsyn, og at det dermed var naudsynt å komme inn som nokon andre enn dei eigentleg var.

I tillegg er alle tre veldig synlege i det endelege verket. Alle tre verka sirkulerer rundt ein hovudperson, og det er skaparen sjølv. Spesielt Aller Nederst og Griseindustriens Hemmeligheter er veldig sentrert rundt sine skaparar, og ein blir aldri nemneverdig godt kjend med dei reelle folka det handlar om; me blir aldri godt kjend med tyrkiske framandarbeidarar eller grisebønder. På det området skilar Nordström seg ut; alt er sentrert rundt ho, men fordi ho er på ein gard og fokuserer på den blir me òg godt kjende med dei forskjellige folka på garden, og i motsetnad til dei tre andre sitt me igjen med ei fullstendig, samanhengande historie, ein menneskeforteljning.

### 4.1 Klar for debatt

Bøker er eit sakte medium. Det tar tid å skrive og redigere, det tar tid å lese, og det tar tid å analysere og reagere på det ein har lest. Dermed kan det ta ei stund før nytteverdien kjem til

syne av dei to reportasjebøkene i denne oppgåva. Heilt annleis er det med *Griseindustriens Hemmeligheter*.

NRK visste veldig godt på førehand at dette kom til å bli eit tema for debatt, og at det kom til å sette grisehald på dagsorden. Sidan dei visste at det kom til å bli debatt, og sidan dei sjølv har ein plattform å føre debattar på, valte dei å halde ein debatt umiddelbart etter sendinga av sjølv dokumentaren.

Til denne debatten hadde dei Norunn Haugen, dei hadde NRK sin redaktør for dokumentar og samfunn, Frank Gander, for å fortelje om kvifor dei valte å sende ein dokumentar som blei laga ved hjelp av skjult kamera og falsk identitet. Etter at dei hadde fortalt om prosessen bak dokumentaren var det klar for debatt; før dei sette i gang debatten, derimot, presenterte programleiaren relevante fakta om dokumentaren, som kor mange gardar Haugen hadde vore på under filming til dokumentaren, og kor mykje avvik frå dyrevelferdslova dei var vitne til.

I sjølv debatten var det representantar for Noregs Bondelag, Mattilsynet og Nortura, i tillegg til ein ekstern kommentator frå Aftenposten med spesialfeltet mat. Det at denne debatten skjer umiddelbart etter sending av dokumentaren visar at NRK er veldig bevisste på kva dei gjer; dei klipper og sendar ein dokumentar som belyser eit samfunnsproblem, for så å umiddelbart ta tak i problemet.

Med denne framgangsmåten er NRK veldig bevisste på sitt samfunnsoppdrag. I følge VVP så skal pressa «Verne (...) grupper mot overgrep eller forsømming frå offentlege styresmakter og institusjonar, private føretak eller andre» (Presseforbundet, 2020). I tillegg skal dei «informere om det som skjer i samfunnet, og avdekkje kritikkverdige forhold (Presseforbundet 2020).

På det første punktet er det naturleg å tenke at det er menneskjer det gjeld, men me har ein dyrevelferdslov i Noreg, og forsvarslause dyr er òg grupper som skal forsvarast; det er NRK bevisste på når dei sender denne dokumentaren og tar ansvar for å starte ein debatt rundt problemet umiddelbart.

Elles er det òg viktig å peike på måten dei sjølv forklarar vala sine på. Når dei umiddelbart etter sending har redaktøren til stade for å forklare kvifor dei veler å sende den og kvifor dei meiner det er riktig og viktig, så følgjer dei samtidig punkt 1.4 i VVP; «Pressa har plikt på seg til å setje eit kritisk søkjelys på korleis media sjølv fyller si samfunnsrolle» (Presseforbundet 2020). Det at dei sjølv retter kritisk søkjelys på sine egne val visar at dette er noko dei har tenkt nøye gjennom på førehand, og nettopp det er veldig viktig her:

NRK hadde planlagt veldig nøye korleis denne debatten skulle starte. Dei hadde forberedt seg godt på kva spørsmål som ville kunne dukke opp, både med kritikk av dei sjølv, men òg av grisenæringa og andre involverte i det dokumentaren viste.

Dei lar representantar for dei tre viktigaste delane av griseindustrien, Mattilsynet, bøndene sjølv, og kjøttprodusentane i Nortura, få fortelje kva dei tenkar om dokumentaren, umiddelbart etter sending. Dette er på ei side ein måte for NRK å fylle punk 1.2 av VVP, der det står at «pressa har eit særskilt ansvar for at ulike syn kjem til uttrykk» (Presseforbundet, 2020). Her får alle sidene av saken få komme med sitt syn berre minuttar etter sending.

Samtidig fyller dei òg VVPs retningslinjer for tilsvar og samtidig imøtegåing. Ingen av bøndene i dokumentaren blir namngitt, men her er det i praksis ein heil industri som blir angripe. Representantar for industrien får forsvare seg og forklare umiddelbart, og på den måten sikrar NRK at presseskikken og etikken blir følgt. Det er openbart at dei har hatt VVP i bakhovudet når dei har planlagt denne sendinga.

Å gå fram på den måten som NRK gjorde i denne saken har blitt gjort mogleg på grunn av tekniske framsteg som Nordström og Wallraff ikkje hadde. No har alle ein TV eller internett å sjå TV på, og følgeleg vil NRK ha moglegheita til å sette opp sendinga på ein måte som gjer at alle får komme til orde tidsnok utan at det forringar sjølve dokumentaren. Dei har også fleire forskjellige medium dei kan bruke for å få ut innhaldet utover sjølve dokumentaren; dei kan publisere klipp i sosiale media, for eksempel.

Verkelegheita til NRK er med andre ord ei heilt anna enn Wallraff og Nordström si. NRK planla veldig nøye, men samtidig hadde dei verktøy dei to andre skaparane ikkje hadde tilgang til. For 100 år sidan då Nordström dreiv sin journalistikk så måtte det skrivast og redigerast, så publisierast, og først ei stund etterpå når folk hadde fått lest reportasjen var det eit grunnlag for debatt.

Dette er sjølv sagt ein forandring i journalistikken generelt, men det blir ekstra relevant når det er snakk om undercoverjournalistikk. Grunnen til dette er at ein i ein vanleg journalistisk situasjon er open om kva saka handlar om og folk får uttale seg basert på det; i praksis blir debatten starta i det ein journalist spør, sjølv om det skjer i eit treigare medium enn dagens internett tilbyr.

Anneis er det når det er snakk om undercoverjournalistikk. Dei som blir observerte av Nordström, Haugen og Wallraff veit ikkje at dei blir observerte, dei veit ikkje at det dei gjer og seier kan vere opp for debatt om ei stund; desse undercover-verka startar ikkje debatten i det dei blir laga, men i det dei blir lest.

Samtidig er det verdt å trekke parallellar mellom NRK sin førebuing og det SD gjorde hundre år tidlegare. For avis-mediet er treigare enn NRK sin publisering av *Griseindustriens Hemmeligheter*; heile reportasjen kom trass i alt som episodar i fleire forskjellige aviser, med dagars mellomrom i staden for i laupet av ein timelang dokumentar. Men det at SD valte å vere i forkant av eventuelle kritikarar ved å forklare vala dei hadde gjort fordi dei var forberedt på debatt visar det same instinktet som NRK hadde i planlegginga av sin publisering av dokumentaren. Det redaksjonelle instinktet har ikkje forandra seg veldig mykje på hundre år.

#### 4.2 Å finne løysingar

I *En piga bland pigor* fortel Nordström i detalj om livet som arbeidsjente på gard, og skapar ein debatt i Sverige om arbeidsvilkåra deira. Men der endar jobben hennar; ho beskriver problemet og lar det vere opp til andre korleis problemet skal løysast. Innan Wallraff gjer sine undersøkingar har dette forandra seg.

Wallraff nøyer seg nemleg ikkje med å fortelje om problemet, men han kjem med konkrete forslag på endringar han meiner er naudsynte for å gjere noko med problemet. Eit eksempel på dette er etter at han har vore gjennom medisinske forsøk:

«Mitt forslag: Det skulle vedtas en lov, som forplikter dem som tjener best i den farmasøytiske industrien, til selv å stille opp ved forsøkene. Fordelene er innlysende: Disse menneskene er for det meste i langt bedre fysisk forfatning enn mange av yrkesprøvekaninene og kan også på grunn av sine inntekter tillate seg mye lengre ferier og rekonvalesentopphold. Tallet på forsøk ville dermed gå kraftig tilbake og bli begrenset til et fornuftig minimum. Og forslaget er slett ingen fleip. For ikke mer enn 60 år siden foretok legemiddelforskerne de første prøvene med nye effektstoffer på seg selv» (s. 141, Wallraff, 1985).

Her går journalisten Wallraff inn i kommentatorrolla midt i ein reportasje. Dette kan fort bli sett på som problematisk i moderne journalistikk. Til hans fordel gjer han det klart at dette er hans kommentar og ikkje opplysningar han kjem med, og han følgjer dermed punkt 4.2 i VVP: «Gjer klart kva som er faktiske opplysningar, og kva som er kommentarar» (Presseforbundet, 2020).

Presseetisk har han med andre ord sitt på det reine. Likevel verkar det malplassert å ha kommentaren midt inne i resten av reportasjen. Dette problemet kunne han løyst ved å leggje

kommentaren inn i ein boks ved sida av resten av teksten, som han gjer med anna informasjon tidlegare i boka.

Haugen følgjer meir i Nordström sine fotspor enn Wallraff på dette området. Gjennom heile dokumentaren visar ho ting ho meiner er problematiske ved grisehald og i griseindustrien generelt, men ho unngår å kommentere kva ho syns burde gjerast. Det blir antyda at «noko må endrast», men ho fokuserer på å vise problemet og skape debatt rundt det, og lar andre komme med løysningane.

#### 4.3 Meir etikk no

Ein ting som slår meg gjennom arbeidet med dei tre bøkene er kor mange liknadstrekk det er mellom *Griseindustriens Hemmeligheter* og *En Piga bland Pigor*. Her finn eg liknadar i sjølve arbeidet, situasjonane dei oppsøker, måten deira utgivar valte å publisere verket deira, og til og med måten dei opptrer på; det er noko Sokratiske over måten dei arbeidar på, der dei begge har ein tendens til å late som dei er mindre kompetente dei er for å få bøndene eller andre på gardane til å vise ting dei vil observere.

Med andre ord er det hovudsakleg moglegheitene medieutviklinga har gitt som gjer at Haugen og Nordström skilar seg nemneverdig frå kvarandre. Dei har mykje av den same journalistiske metoden og dei same journalistiske instinkta ligg bak vala dei tar; Dei konkluderer begge med at dei ikkje kan finne ut av dette utan å gå undercover, og dermed gjer dei det.

Den som skilar seg ut er han som har gitt undercoverjournalistikken eit namn, nemleg Günter Wallraff. Han presenterer funna sine veldig annleis enn dei to andre, veljar å fokusere på fleire problemstillingar der dei to andre har fokus på ein, han fremmar meiningane sine undervegs, og han presenterte resultata sine eksklusivt i bokform. I tillegg er det journalistiske instinkt hans annleis i at han avsluttar undercoverarbeidet sitt med ei dramatisk iscenesetting som grensar til performance art.

Wallraff har ikkje fått den statusen han har fått i dag utan grunn; journalistikken hans har hatt verdi og skapt forandring i samfunnet i Tyskland. Samtidig er det ting han har gjort i denne boka, journalistiske val han har tatt, som sannsynlegvis ville blitt problematisert i moderne tids journalistikk.

Nettopp det er nok området undercoverjournalistikken har forandra seg mest; etikken. Nordström hadde eit veldig moderne journalistisk instinkt, og tenkte nøye gjennom vala ho tok undervegs, men realiteten er at då fagområdet var så nytt som det var i 1914, og framleis i 1985, var ikkje etikken i framgangsmåten like viktig.

## 5.0 Konklusjon

I nyare tid har journalistikketikken fått mykje fokus, deriblant gjennom VVP i Noreg. Fordi det er ein sterk, indre sjølvjustis blant pressa i Noreg for å styrke og forsvare pressas truverd ut mot folket, er det no veldig viktig å argumentere for og tenke nøye gjennom vala ein tar, spesielt i eit etisk minefelt som undercover-journalistikken.

Korleis Wallraff hadde sett på punkt nr. 3.10 i VVP, «Skjult kamera/mikrofon eller falsk identitet skal berre brukast i unntakstilfelle. Føresetnaden må vere at dette er einaste utvegen for å avdekkje forhold som har vesentleg samfunnsinteresse», er uvisst. Men faktum blir at han brukte undercoverjournalistikk som norm heller enn unntak gjennom heile karrieren sin. Eg har vanskeleg for å sjå det bli gjort i moderne journalistikk.

For i *Aller Nederst* skildrar ikkje Wallraff at han på noko tidspunkt forsøker å nærme seg problemstillinga som open journalist. Han prøvar ikkje å finne kjelder som kan fortelje om forholda, han prøvar ikkje å kontakte firmaa for å få innsyn. I stedet tyr han rett til undercover-metoden.

Det same gjeld Nordström. Ho konkluderte med at å gå undercover var den einaste måten å finne ut av problemstillinga si på, utan å prøve å finne ut av det som open journalist først. Og som Wallraff baserte ho mykje av resten av karrieren sin på å gå undercover, trass i at ho blei eit kjend fjes i heimlandet.

I moderne tids presse, derimot, er det altså eit krav at undercoverjournalistikk skal vere unntaket, og berre kan brukast i særskilte tilfelle. Det blir veldig vanskeleg å oppretthalde truverd og eit godt forhold til kjeldene i nyare tid om ein jobbar undercover. Det hadde vore veldig overraskande om Haugen dukka opp i ein ny undercover-reportasje om nokre år.

Nettopp dette er den største og klaraste utviklinga i undercoverjournalistikken gjennom dei 100 åra. Dei andre skilnadane og liknadane kan i stor grad vere basert på personleg preferanse hos journalistane og deira oppdragsgivarar, som på faktiske strøymingar innanfor fagområdet. Fagområdet blei i praksis ikkje sett på som ein eigen sjanger før Wallraff gjorde sitt arbeid, og han har vore med på å definere kva undercoverjournalistikken er, men skilnadane mellom Haugen, Wallraff og Nordström sine metodar og prosessar er i utgangspunktet berre skilnadar innanfor den same sjangeren.

Forandringa innanfor det journalistetiske synet, derimot, har forandra seg tydeleg i undercoverjournalistikkens disfavour. Dermed har sjangeren mista status over dei siste 100 åra, den har mista litt av truverdet sitt, og må forsvarast umiddelbart for å i det heile tatt bli godkjent som journalistikk, både av folket og av pressa sjølv.

## 6.0 Kjelder

### Primærkjelder:

NRK. (2019). Brennpunkt: Griseindustriens Hemmeligheter [TV program]. NRK TV. ("Brennpunkt: Griseindustriens Hemmeligheter", 2019)

Nordström, E. (1914). En piga bland pigor. Stockholm: Wahlström & Widstrand.

Wallraff, G. (1986). Aller nederst. Oslo: Pax.

### Sekundærkjelder:

Brurås, S. (2014). Etikk for journalister. Bergen: Fakkbokforlaget.

Bremmer, F. (2017). Ett jävla solsken. Bokförlaget Forum

Halvorsen, K. (2008). Å forske på samfunnet. Oslo: Cappelen akademisk.

<https://www.nrk.no/dokumentar/xl/bryter-loven-med-vitende-og-vilje-1.14595066>